

Hordaland Sau og Geit



Referat frå styremøte torsd.10.mars 2011 på Nortura Eidsvåg.

Desse møtte : Nils Inge Hitland, Reidar Kallestad, Anita Jordalen, Olav Håvardsholm, Egil Øvstebø og Steinar Steine.

Sak.25/11.Godkjenning av innkalling og referat frå 25.02.2011.03.12 Vedtak : Ingen merknad.

Sak.26/11. Invitasjon til årsmøta i Hordaland Bonde og småbrukarlag, Sogn og Fjordane Bonde og småbrukarlag og Norsk Landbruksrådgjeving.

Vedtak : Anita Jordalen møter på Småbrukarlaget og ein prøver å finne nokon som kan reise på Norsk Landbruksrådgjeving sitt årsmøte, sekretær tek kontakt.

Sak.27/11. Orienteringssaker : Reidar Kallestad refererer frå møte i Beiteutvalet 28.02.2011

Leiar i Beiteutvalet er no Jarle Helland. Dei vil halde tre møter i Hordaland der dei informerer om nye retningslinjer og aktuelle tiltak i beite.

Kontoutskrifter:

Styret tok kontoutskriftene til etterretning og vil heretter ha kvartalsvise rapportar på alle kontoane.

Sak.28/11. Årsmøte HSG evaluering/referat.

Det var semje om att det var eit godt hotell og alle tilbakemeldingar er gode på att det var eit positivt årsmøte. Vidare vart det gjordt nokre endringar / tillegg til årsmøtereferatet.

Ein vil legge det opp på same måten neste år, men kanskje noko meir program fred. kveld.

Sak.29/2011.Prosjekt "Ny giv for sauehaldet i Hordaland"

Leiar og sekretær sender ut eit brev til alle lokallag med oppmoding om å koma med synspunkt / idear til dette, så vil styret arbeide vidare med saka etter det.

Sak.30/11.Landsmøte i NSG 16 og 17.mars.2011 på Bergen Airport Thon Hotel.

Fylkesmann Lars Sponheim skal opne møte , vidare skal Jimmy Øvredal halde eit lite kulturinnslag.

HSG vil ikkje gå inn for auke i kontingensten i NSG, slik framleggget er. Dei vil og att årsmøte i NSG 2013 vert lagt til området nær Gardermoen. Dei er likevel villig til å gje dei tillitsvalde høgare godtgjerdslle om lag som det er i Nortura og Tine no.HSG vil att Kjell Mardal,Sandane vert kandidat til valnemnda, frå denne regionen.Vidare vil HSG sine repr. I årsmøte fylgje debatten ang. alle valg.

Sak.31/11. Heimesida. Leiar orienterte om att den vert veldig viktig og no er fleire lokallag interessert i å leggja ut stoff. Leiar skal halde den oppdatert på stoff som er av interesse for laga.

Sak.32/11. Ymse. Det vart semja om å leggja leiarmøte til same tid som Agro Hordaland, elles ingen andre saker. Møte slutt kl.14.30.

Knut Sygnestveit, ref.